

**Til
vedlagte høyringsliste**

Knarvik, 04.10.2024

Varsel om vurdering av arealendring i den Interkommunal planen for sjøområda i Nordhordland i sjøareal som gjeld Fedje kommune - Innarsøyane

Fedje kommune varslar med dette at ein vil kome med eit forslag til planendring for arealet Innarsøyane som ligg nord for Fedje. Det vil bli foreslått at ein del av det arealet vert omgjort til eit akvakulturområde. Det vil bli utarbeida ein konsekvensutgreiing som vil følgje med høyringa. I og med at dette er ein heilt konkret arealendring som ikkje skal endre resten av den interkommunale planen for sjøareal er der ikkje utarbeida planprogram.

Den interkommunale planen for sjøareal

Hausten 2023 vedtok kommunestyra i Region Nordhordland den interkommunale planen for sjøareal. Det einskilde kommunestyre vedtok arealplan for sitt areal med tilhøyrande felles føresegn, faktagrunnlag og konsekvensutgreiing.

I forslaget til arealplan var der forslag om å sette av eit areal i Fedje kommune – Hjeltevarden til akvakultur. Kystverket og Statsforvaltaren hadde motsegn til at det arealet skulle settast av til akvakulturområde. Denne saka vart ikkje løyst i meklingsmøte 25.09.2023. Fedje kommune sin representant i det interkommunale planutvalet var tydeleg på at dette forslaget til arealendring må vere med og at kommunestyret sannsynlegvis vil anke den avgjerda til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd. I plan- og bygningsloven (pbl) § 11-16 går det fram at dersom det er motsegn til klart avgrensa deler av planen kan øvrige deler av planen bli vedteke å ha rettskraftig verknad.

Fedje kommunestyre vedtok planen slik den låg føre, men vedtok samstundes å klage på motsegnet knytt til forslaget om akvakulturområde ved Hjeltevarden til Kommunal- og distriktsdepartementet (kommunestyret 062/23). Denne klagen er ikkje ferdig handsama av departementet.

Den interkommunale planen kan ein finne her:

Bakgrunn for forslaget

Fedje kommune er ein liten og sårbar kommune som er heilt avhengig av å utvikle lokale arbeidsplassar og verdiskaping. Folketalet har over lang tid gått nedover og det trengs konkrete tiltak for å snu den trenden. Heilt avgjerande vil vere utvikling av lokale arbeidsplassar.

I dag er det to lokalitetar i Fedje sitt sjøareal som er avsett til akvakultur. Den aktiviteten som er der generer lokale arbeidsplassar og inntekter til kommunen frå Havbruksfondet. Det er heilt avgjerande for Fedje at ein kan få utvikla denne næringa, men då ter det trong for eigna areal til slik verksemd.

Arealet som er foreslått i planendringa er eit mogeleg akvakulturområde er nord for Fedje – ved Innarsøyane. Ideelt sett så burde dette forslaget vore med når den interkommunale planen for sjøareal var på høyring, men dette innspelet har kome til rett i etterkant av den planprosessen. Vi meiner difor at det er naturleg å ta dette inn som ei endring til planen og å gjere ei slik vurdering av dette konkrete arealet.

Kommunestyret på Fedje gjorde følgjande vedtak 12.09.2024 i sak 59/2024;

«Fedje kommunestyre vedtek at det vert starta opp arbeid med planendring for Fedje kommune sin del av interkommunal plan for sjø (region Nordhordland).

Vedtaket er har heimel i plan og bygningslova § 11-15 og § 11-14.»

Prosesen

Dette er å sjå på som ein planendring av den interkommunale planen for sjøareal, men endringa er svært avgrensa. Dei andre kommunane vil bli orientert om saka i Regionrådet og vil der kunne kome med sine synspunkt til forslaget til endring. Dei andre kommunane vil også bli høyrte formelt når forslaget vert sendt ut på høyring. Det vil også bli presentert i Regionrådet. I og med at dette er ein endring av den interkommunale planen for sjøareal er det Region Nordhordland IKS som gjer det administrative arbeidet slik det var med den interkommunale planen.

I pbl § 11-15 står det følgjande;

«Dersom kommunestyret vil treffe vedtak om kommuneplanens arealdel som medfører en bruk av arealer som ikke har vært gjenstand for høring under planbehandlingen, må de deler av planen som ønskes endret, tas opp til ny behandling.»

Det er ein mindre endring av arealplan som vert foreslått. Dette forslaget vil bli tatt opp til ny handsaming slik pbl § 11-15 set krav om og forslaget til endring fyl dei krav til prosess som er i pbl § 11-14.

Det vil bli utarbeida ei konsekvensutgreiing for det konkrete forslaget til arealendring og ei vurdering av kva dette betyr for totalen for heile planområdet som gjeld alle dei 8 kommunane. KU vil følgje den same malen som vart nytta i arbeidet med den interkommunale planen for sjøareal.

Høyring

Forslaget til arealendring med konsekvensutgreiing vil bli sendt på høyring slik krava er i plan og bygningslova. Det vil også bli invitert til eit opent møte på Fedje der forslaget og KU vil bli presentert.

Dette brevet er sendt for å varsle om at det vil bli starta arbeid med planendring som gjeld Innarsøyane og at det vil bli utarbeida konsekvensutgreiing og revidert plankart som seinare vert sendt på offentleg høyring og ettersyn.

Dersom det er kommentarar til prosessen kan det sendast til

bent.gunnar.naess@regionnordhordland.no innan 26.10.2024.

Er der nokon som har særskilt kunnskap eller data om området som ein meiner er relevant for KU så kan det også sendast til bent.gunnar.naess@regionnordhordland.no. Det bør sendast inn så raskt som mogleg.

Dersom det er særskilte spørsmål til Fedje kommune kan dei takast opp med Rolf Martin Raknes - rolf.martin.raknes@fedje.kommune.no.

Med venleg helsing

Bent Gunnar Næss (sign)

Prosjektleder
Region Nordhordland IKS

- Vedlegg – Høyringsliste
- Kommunestyresak – 59/2024
- Kart som viser det aktuelle området